

Årsrapport 05



Årsrapport 2005

Oslo, 2006
Trykk: 500

Innhald

1	Føreord	5
2	Melding frå styret	7
3	Styret, leinga og tilsette i Vox	9
4	Rekneskap	11
5	Kapittel 256	15
5.1	Informasjonsarbeid	15
5.2	Grøn stat	15
5.3	Helse-, miljø- og tryggingsarbeid	15
5.4	Beredskapsplan for kriser i fredstid	16
5.5	It-området	16
5.6	Ulike prosjekt finansierte under kapittel 256	17
6	Kapittel 258	23
6.1	Pedagogisk utviklingsarbeid	23
6.2	Refine	24
6.3	Kompetanseutvikling og dokumentasjon i arbeidslivet	24
6.4	Fleksibel læring – bruk av ikt	28
6.5	Prosjekt ikt i norskopplæring for vaksne innvandrarakar (INOVI)	29
6.6	Læreplan i norsk og samfunnskunnskap – metodisk rettleiing	29
6.7	Samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar – temahefte	30
6.8	International Adult Learner’s Week (IALW)	30
7	Kapittel 259	31
7.1	Kompetanseutviklingsprogrammet (KUP)	31
8	Formidling	33
8.1	Publikasjonar	33
8.2	Kurs	34
8.3	Konferansar	34
8.4	Foredrag	35
9	Vedlegg	1

1 Føreord

Gjennom dei første fem driftsåra som institusjon har Vox skaffa seg eit solid kunnskapsgrunnlag om kva slags kompetanse som er viktig for at vaksne skal fungere godt i arbeids- og samfunnsliv. Nasjonale og internasjonale undersøkingar viser at gode ferdigheiter i lesing og skriving, rekning og digital kompetanse er heilt grunnleggjande for vidare læring og omstilling. Det vil seie at vi må halde fram med å byggje på det Kompetansereforma og prosjekta i Kompetanseutviklingsprogrammet har lært oss – at mange vaksne ønskjer å lære i tilknytning til arbeidssituasjonen heller enn å gå tilbake til skolebenken.

Vaksne som ikkje bruker retten til opplæring slik Kompetansereforma legg opp til, bør kunne få uttelling for denne retten og dei offentlege midlane som følgjer med. Det kan ordnast gjennom deltaking i arbeidslivsprosjekt og opplæring på arbeidsplassen. Dette er ei ordning som også mange bedrifter er interesserte i, og som motiverer alle partar til læring og utvikling. For å vidareutvikle slike ordningar må det leggjast meir vekt på fleksible finansieringsmodellar for denne typen opplæring og målgrupper. Vox er oppteken av å byggje vidare på erfaringar vi ser fungerer, og som gir den enkelte og samfunnet gevinstar. Debatten under valkampen i fjoråret stadfesta også at det er tverrpolitisk forståing for kor nødvendig det er å heve kompetansesolvete. I tillegg til å gjelde velferden for den enkelte, gjeld det òg den kollektive meistringa i ein ny kunnskapsbasert økonomi. Her er det mogeleg å gjere nye veival i kompetansespolitikken.

Det nye *Program for basiskompetanse i arbeidslivet*, som vart vedteke hausten 2005 og som startar våren 2006, har som mål å sørge for at fleire vaksne kan skaffe seg denne basiskompetansen. Programmet skal støtte verksemdar som gir opplæring i lesing, skriving, rekning og digital kompetanse til tilsette eller arbeidssøkjande. Programmet vil, på godt tilpassa vis, gjere det mogeleg å utforske finansieringsordningar som gir vaksne den opplæringa dei treng – og har rett til – i den forma dei ønskjer. Vidare vil programmet setje slike ordningar i varig drift. Vi gleder oss til å ta fatt på arbeidet med det nye programmet.

Ei viktig oppgåve for Vox er å setje søkjelyset på opplæringsbehov i norsk og samfunnskunnskap hos vaksne innvandrarar. Kvalifisering for arbeid og utdanning er sjølv grunnlaget for ei velykka integrering. Her står vi overfor mange spennande og utfordrande oppgåver, og Vox ser fram til å delta aktivt i utforminga av dei.

Vox takkar samarbeidspartnarar og brukarar av kompetansen vår for godt samarbeid. Vi takkar også medlemmene i styret for engasjement og aktiv støtte.

Sist, men ikkje minst, vil eg takke medarbeidarane mine for godt arbeid og god lagånd.

Oslo, 15. mars 2006
Turid Kjølseth
direktør

2 Melding frå styret

«Livslang læring må stå øvst på agendaen til kvart land som har ambisjonar om å hevde seg i den stadig intensivare konkurransen mellom kunnskapsnasjonar.»
Andy Green

Vox har i 2005 hatt eit aktivt år med mange store oppgåver og drøfting av prinsipielt viktige spørsmål. Både leiinga i Vox og styret har ambisjonar om å setje læring hos vaksne på dagsordenen langt ut over det oppgåvene i dag og den organisatoriske ramma for institusjonen tilseier. Styret har teke føringa i denne tenkinga og komme med konkrete innspel til den politiske leiinga, både før og etter regjeringsskiftet, om kva for oppgåver vi meiner kompetansepolitikken for vaksne og dermed Vox står overfor.

Bakgrunnen for initiativet er at det, etter styret si vurdering, framleis er for svak satsing på koordinerande offentleg innsats og samhandling. Både mellom utdanningstilbydarar, etatar og arbeidslivet, og mellom ulike departement, bør det satsast meir offensivt for å samordne innsats og oppgåver. Utdanning og læring som verkemiddel i arbeidet for å utvikle kompetansen i nasjonen utfordrar rollene våre. Lokalt så vel som nasjonalt handlar dette om å iverksetje tiltak og finne gode, fleksible løysingar for den enkelte. Å byggje ut og profesjonalisere ei heilskapleg rettleiingsteneste for menneske i ulike livssituasjonar er eit viktig tiltak for å heve kompetansenivået i heile befolkninga. Vox si rolle som pådrivar for ein slik heilskapleg kompetansepolitikk for vaksne kunne dermed også utviklast og forsterkast enda meir.

Det er elles mangfaldet av ulike større og mindre oppgåver som har prega kvardagen i Vox i året som gjekk. Informasjons- og utviklingskampanjen i Sogn og Fjordane for å få arbeidslivet til å ta i bruk kompetanseattesten var ei av dei større satsingane. Likeins har Vox-barometeret, utvikling av Nettsider for trening i grunnleggjande ferdigheiter og Metodisk rettleiing, knytt til innføring av ny læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, vore ressurskrevjande prosjekt. Sekretariatsfunksjonen for og gjennomføringa av konferansen International Adult Learners Week (IALW) var med på å forsterke Vox' posisjon internasjonalt.

Styret har positive forventningar til Programmet for basiskompetanse i arbeidslivet, som vert lansert i 2006, og ventar at dette programmet vil medverke til å gi ny giv i satsinga på utvikling av læring hos vaksne, og vidare gi Vox som programforvaltar viktige oppgåver.

Vox' representasjon i forskjellige grupper og samarbeid med ulike departement og offentlege institusjonar er forsterka. Deltaking i prosjektet Mønsterbryterne, sekretariatsfunksjonen for å greie ut om opplæring i samfunnskunnskap for religiøse leiarar, utvikling av felles indikatorar for måling av digital kompetanse og deltaking i Arbeidsgruppa for yrkes- og studierettleiing – alt dette er eksempel på slikt samarbeid. Vox har som vanleg handtert budsjett og rekneskap upåklageleg i året som gjekk. Styret ønskjer elles at eit nasjonalt senter for læring i arbeidslivet hadde noko større økonomisk handlingsrom for å kunne prioritere og setje i gang prosjekt og tiltak innanfor ei rammeløyving.

Styret vil til slutt takke leiinga og dei tilsette i Vox for eit godt samarbeid og ønskje alle framgang og glede i arbeidet med oppgåvene i 2006.

Oslo, 23. februar 2006

Yngve Hågensen
Leiar for styret

3 Styret, leiinga og tilsette i Vox

Styret

Medlemmene i styret

Yngve Hågensen, (styreleiar), konsulent LO

Ellen Stavlund, (nestleiar), ass. gen. sekretær, Vaksenopplæringsforbundet

Gunnar Grepperud, professor, Universitetet i Tromsø

Paul Chaffey, direktør, Abelia

Per Kristian Fodstad, direktør, Borregaard industrier

Long Litt Woon, (fråtredd frå styrevrevet februar 2005), konsulent, Long & Olsen

Jan Olav Fretland, (varamedlem innkalla fast ut 2005), forskar, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Lis Karin Andersen, (representant for dei tilsette), seniorrådgivar, Vox

Anders Fremming Anderssen, (representant for dei tilsette), rådgivar, Vox

Varamedlemmer

Jan Erik Henriksen, forskar, Høgskolen i Finnmark

Ruth Ørnholt, fylkesbibliotekar, Hordaland fylkesbibliotek

Valborg Byholt, (representant for dei tilsette), seniorrådgivar, Vox

Det har vore fem styremøte gjennom året.

Leinga

Leiargruppa består av direktør Turid Kjølseth og avdelingsdirektørane Bjørg Ilebekk, Torbjørn Bergane, Frøy Kannert og Eivind Pettersen.

Tilsette

	1. januar 2005	31. desember 2005
Tal på tilsette	104	104
Fast tilsette	100	97
Tal på kvinner/menn	68/36	70/34

4 Rekneskap

Drift

Kapittel 0256 post 01 driftsutgifter, kapittel 3256 post 02 salsinntekter
Kapittel 3256 post 16 refusjon for svangerskapspermisjon og post 18 refusjon for sjukelønn

	Rev. budsjett 2005	Årsrekneskap 2005
Tildelingar utgifter	43 115	42 997
Inntekter		
Læremiddel	280	418
Andre inntekter	197	480
Sum inntekter	477	898
Tildeling inntekter	998	998
Meir/mindreinntekt	1 419	1 892
Refusjon lønn ved fødselspermisjon/sjukdom	1 940	1 992
Sum ramme for utgifter	44 534	44 889
Kap. 0256 Utgifter		
Lønn og godtgjeringar	29 128	28 679
Varer og tenester	15 225	15 790
Sum utgifter	44 353	44 469
Resultat etter kontantprinsippet	181	420

Oppdragsverksemd

Kapittel 0256 post 21, kapittel 3256 post 01

	Rev. budsjett 2005	Årsrekneskap 2005
Tildelingar utgifter	12 121	12 121
Inntekter		
Kurs og konferansar	1 226	1 402
Prosjekt	4 878	3 679
Konsulentoppdrag/ føredrag	30	47
Sum inntekter	6 134	5 128
Tildeling inntekter	7 820	7 820

Meirinntekt	-1 686	-2 692
Sum ramme for utgifter	10 435	9 429
Utgifter		
Kap. 0256 post 21 Lønn og godtgjøringar	4 438	4 371
Kap. 0256 post 21 Varer og tenester	5 997	4 968
Sum utgifter	10 435	9 339
Resultat etter kontantprinsippet	-	90

Hovudaktiviteten innanfor oppdragsverksemda er EU-prosjekt og samarbeid med Utlendingsdirektoratet (UDI).

Tildeling prosjekt

	Tildeling	Rev. budsjett 2005	Årsreknekap 2005
Kompetanseutviklingsprogrammet administrasjon	4 896	4 896	4 395
Kompetanseutviklingsprogrammet verkemiddel	41 920	24 363	14 444
Pedagogisk utviklingsarbeid i studieforbund	1 400	1 400	1 400
Særlege målgrupper i studieforbund	2 000	2 000	2 000
Pedagogisk utviklingsarbeid i dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonane	2 000	2 000	2 000
Transfine – Refine	100	100	94
Kompetanseutvikling og dokumentasjon i arbeidslivet	9 600	9 600	9 605
Fleksibel læring – bruk av ikt	3 850	3 850	3 850
Læreplan i norsk og samfunnskunnskap – metodisk rettleiing	200	200	200
Ikt i norskopplæring for vaksne innvandrarar (INOVI)	1 316	1 316	1 316
Den vaksne, fleksible studenten	850	850	849
IALW-konferansen	3 600	3 600	3 476
Samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	1 500	1 500	1 495
Nynorsk utgåve, læreplan i norsk og samf.kunnskap	80	0	80
Nasjonal rapport om ALL	40	0	40
Sum prosjekt	73 352	55 675	45 244

Utestående fordringar

	2003	2004	2005	Sum
Salsinntekter	0	0	22	22
Oppdragsinntekter	2	1	145	148
Sum	2	1	167	170

Til disposisjon på mellomrekneskapskontoen

Øyremerkte prosjekt	3 306
Overhead frå tidlegare år til disposisjon i 2006	2 446
Sum	5 752

Vox har totale utgifter fordelt på følgjande:

Finansiell eining	Budsjett 2005	Revidert budsjett 2005	Årsrekneskap 2005
Drift	43 107	44 353	44 469
Oppdrag	8 469	10 435	9 339
Tildelingar på prosjekt	26 216	31 316	30 800 1)
Tilskot	41 920	24 363	14 444 2)
Sum	119 712	110 467	99 052

1) Tildelingane er auka med 120 etter revidert budsjett.

2) 27 476 er ikkje brukte etter kontantprinsippet. 18 276 av denne summen er bundne i vedtak fatta i programstyret.

Dekning av faste utgifter frå dei finansielle einingane fordeler seg prosentvis på følgjande måte:

Finansiell eining	Budsjett 2005	Revidert budsjett 2005	Årsrekneskap 2005
Drift	70 %	69 %	72 %
Oppdrag	13 %	13 %	10 %
Tildelingar på prosjekt	17 %	18 %	18 %

Økonomien i Vox er i hovudtrekk stabil og tilfredsstillande.

Oppdragsverksemda er likevel noko redusert som følgje av at verksemda over tid har dreidd mot oppgåver som er eit offentleg ansvar.

Vox legg vekt på å innkalle søkjarar med minoritetsbakgrunn og/eller underrepresentert kjønn til intervju ved rekruttering. 13 % av dei tilsette har ikkje norsk som morsmål.

5 Kapittel 256

Vox skal vere ein nasjonal pådrivar for læring hos vaksne, med særleg vekt på å vidareutvikle måla i Kompetansereforma. Vox skal mellom anna medverke til livslang læring, gi departementet og samarbeidspartane informasjon og kunnskap om viktige problemstillingar på feltet, og arbeide med å utvikle inkluderande læringskulturar for vaksne.

Vox skal hente fram kunnskapar og analysar om læring hos vaksne og vidare utvikle tiltak på dette området.

5.1 Informasjonsarbeid

Vox har i 2005 prioritert brukarinformasjon knytt til realkompetansekartlegging og vurdering.

Vidare har vi vektlagt rolla som lyttepost for atferdsmønster hos vaksne når det gjeld å styrkje grunnleggjande ferdigheiter. I samband med det har vi meldt tilbake til departementet om retten til opplæring fungerer eller ikkje, og gitt råd om meir fleksible finansieringsordningar.

Presse, web, trykksaker og konferansar

Vox sende ut 43 pressemeldingar i 2005. Talet på registrerte mediesaker om Vox var 313 fram til desember. Dei fleste treffa er på nettsider og i nettaviser, med aviser som nummer 2.

Heimesidene våre hadde 75 000 besøkjande, og i alt 141 240 besøk fram til medio november.

Vox produserte 36 trykksaker/produkt i 2005 (rapportar, kurs- og konferansebrosjyrar, informasjonsflyarar og læremiddel). For ei oversikt over rapportar og andre publikasjonar produserte av Vox, sjå Kapittel 9, Formidling.

Vox har arrangert eller vore medarrangør på åtte konferansar i 2005. For meir informasjon om dei forskjellige konferansane, sjå Kapittel 9, Formidling.

5.2 Grøn stat

Vox har i 2005 utarbeidd ein miljøstrategi med handlingsplan og konkrete tiltak. Handlingsplanen omfattar følgjande hovudområde: innkjøp, avfall, transport og energi.

5.3 Helse-, miljø- og tryggingarbeid

Vox og vernetenesta ved Vox har i 2005 hatt eit godt samarbeid om det systematiske HMS-arbeidet. Det samanhengande HMS-arbeidet er utført av dei fire verneomboda i Vox og HMS-koordinatoren ved personaleininga.

Innanfor HMS-området er følgjande aktivitetar gjennomførte i 2005:

- AMU-møte gjennomførte etter plan, til saman fire møte.
- Brannvernkorpsset har delteke i brannvernkurs i april.
- HMS-handboka er revidert.
- Vernerunde er gjennomført ein gong.
- Det psykososiale arbeidsmiljøet er kartlagt gjennom bruk av HKI (Humankapitalindeksen). Ein vurderer avdelingsvis om ein skal setje i gang.
- Vox er knytt til BedriftsHelse Noreg, som møter fast i AMU, og jamleg vert konsultert om tilpassing av arbeidsplassar.
- Vox har kjøpt inn ein uttøyingsskulptur for å førebyggje ledd- og skulderplagar.

5.4 Beredskapsplan for kriser i fredstid

I brev av 1. juli 2005 bad Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD) Vox utarbeide ein beredskapsplan for kriser i fredstid og rapportere om dette arbeidet, og vidare leggje ved ein ferdigstilt kriseplan innan utgangen av februar 2006. UFD har varsla tilsynsmøte etter at arbeidet er innlevert.

Det er før ikkje utarbeidd kriseplan i Vox. Arbeidet er dermed å forstå som eit nybrottsarbeid. I Vox har fageining Personal hovudansvar for å utvikle og koordinere arbeidet. Det skjer i samvirke med andre delar av organisasjonen, særleg med vernetenesta og avdeling for samfunnskontakt.

5.5 It-området

Vox har i 2005 utvida tilbodet av elektroniske tenester via www.vox.no. Vi har blant anna oppretta ein lokal Min/Mi side-variant for den enkelte brukaren av tenester i Vox. Vi har også laga ei ny løysing for elektronisk bestilling av rapportar og læremiddel og for påmelding til kurs og konferansar. Det er mogeleg å laste ned informasjonsbrosjyrar, rapportar, læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, skjema og rapportmalar. Søknadsskjema for KUP-midlar låg føre som elektronisk versjon som søkjarane lasta ned, fylte ut elektronisk og returnerte som vedlegg til e-post. Vi har teke i bruk ei løysing for elektroniske spørjeundersøkingar. Det er også utvikla eit verktøy for kompetansekartlegging, og dessutan for digitale læringsressursar der brukarar av www.vox.no kan trene på basisferdigheitene og gjere dei betre. Det er mogeleg å abonnere på følgjande elektroniske nyheitsbrev: *Internasjonale prosjekter, Kurs og konferansar, Nyheter, Pressemeldinger, Regionale pressemeldinger, Vox-barometeret*

Vox har ikkje skaffa nokre store nye ikt-baserte verksemdssystem i 2005, men arbeid med ny publiseringsløysing for trippelnett. Det vart påbegynt og lansert hausten 2005 og vart så ferdigstilt. Løysinga er basert på emnekart og inkluderer både internettsider, eit intranett og ekstranettsider med avgrensa tilgjenge. Vox legg stor vekt på opne grensesnitt og på å skaffe nye ikt-løysingar som gjer det mogeleg å samordne mellom system. Ein aukande del av innkjøpa våre skjer elektronisk frå leverandørane via e-handelsløysingar på Internett og e-post.

Vox har gjennom Samordningsgruppa for nettstader i utdanningssektoren (SANU) starta eit samarbeid med andre UFD-finansierte utdanningsnettstader. Dette gjer vi for å kunne dele og samordne innhald og tekniske løysingar på ein betre måte.

5.6 Ulike prosjekt finansierte under kapittel 256

Rettleiing, spreiiing og utprøving av dokumentasjon av realkompetanse

- **Transfine–Refine**

Det internasjonale Refine-prosjektet er ein oppfølgjar av Transfine-prosjektet, som vart avslutta i 2003. Refines prosjektperiode varte frå januar 2004 til desember 2005. Målet med prosjektet var å prøve ut verktøy i samband med eit europeisk rammeverk for godkjenning av realkompetanse, vidare å styrkje internasjonalt og transsektoralt samarbeid, og dessutan å auke tilliten til praksis og prosedyrar på feltet. Hovudmålgruppa var fagfolk, leiarar og politiske rådgivarar, mens sluttbrukarane av prosjekresultata var personar med lite eller ingen dokumentert formell kompetanse.

Refine har 17 partnarar frå universitetssektoren, yrkesfaga, vaksenopplæringa og ungdomsorganisasjonar. Til saman 13 land var representerte, blant dei fem tidlegare Transfine-partnarar. Totalt 60 organisasjonar var involverte i testinga av verktøy for dokumentering og godkjenning av realkompetanse.

Sluttkonferansen for Refine-prosjektet vart halden i Roma i november 2005.

Utdannings- og forskningsdepartementet støtta aktiviteten med ei ekstra løyving, sjå Kapittel 258, punkt 7.2 Refine.

KUP-relaterte prosjekt

- **Læringsmodellar i KUP-prosjekt**

Våren 2005 fekk ei arbeidsgruppe i oppgåve å sjå nærmare på eit utval KUP-prosjekt. Dette skulle gruppa gjere for å auke kunnskapane våre om dei ulike læringsmodellane som vart nytta eller utvikla i den perioden programmet var i bruk. Arbeidsgruppa la til grunn at slike modellar kunne la seg identifisere ved gjennomgang av prosjektsøknader og prosjektrapportar. Ein gjorde ikkje eigne undersøkingar i form av intervju eller spørreskjema.

Berre 40 prosjekt lét seg identifisere som læringsmodellar. Det vil seie at dei var forankra i bedrifta, var resultat av ein bevisst prosess, hadde ei pedagogisk ramme og representerte ein viss kontinuitet.

Gjennomgangen viste også at sluttrapportane i liten monn tok for seg konkrete læringsmønster som kan danne grunnlag for modellar for læring i arbeidslivet. Likevel viste gjennomgangen at opplæringa i desse prosjekta i høg grad gjekk føre seg på arbeidsplassen og i arbeidstida, og at dei fleste brukte rettleiing som ein viktig del av opplæringa.

Konklusjonen og anbefalinga frå arbeidsgruppa var at ein bør gå inn for nye studiar. Slik vil ein få meir kunnskap om korleis læring på arbeidsplassen vert organisert. Sjå prosjekt nedanfor.

- **KUP-støtta organisasjonar og bedrifter – fem år etter**

Formålet med dette prosjektet er å danne eit bilete av korleis det har gått med eit utval av bedrifter og organisasjonar som har motteke KUP-midlar til opplæringstiltak i dei to første åra programmet var i drift (2002 og 2003). Meir spesifikt ser vi

nærmare på 14 bedrifter/organisasjonar som gjennomførte opplæring for tilsette med lese- og skrivevanskar.

I dette prosjektet samlar vi inn og analyserer erfaringar som er baserte på informasjon frå både prosjektleiarar, bedriftsleiarar, kursleiarar og sluttbrukarar.

Data vil innehalde opplysningar om

- suksessfaktorar i prosjektperioden
- måloppnåing i prosjektperioden
- erfaringar/resultat frå prosjektperioden som enno er i bruk
- varige forandringar (positive) i måten å drive opplæring på i bedrifta

Prosjektet vert avslutta juni/juli 2006.

Fleksible læringsarenaer

- **Fengselsundervisning**

Vox deltok under forarbeidet til Stortingsmelding nr. 27 (2005) *Om undervisning innenfor kriminalomsorgen*. Utdanningsdirektoratet har etablert ei arbeidsgruppe som skal følge opp stortingsmeldinga med følgjande mandat:

«Arbeidsgruppa har som sitt mandat å utarbeide ein plan for oppfølging av stortingsmeldinga. Denne planen skal konkretisere arbeidsoppgåver og ansvar i oppfølgingsarbeidet. Arbeidsgruppa skal også vurdere dei økonomiske konsekvensane i arbeidet med oppfølgingsarbeidet.»

Vox er representert i denne gruppa med ein medarbeidar.

- **EdEx**

Vox har saman med Abelia organisert og finansiert prosjektet EdEx, der oppgåvene var å kartlegge bruk av ikt-støtta opplæring i norske verksemder.

Det vart gjennomført ei elektronisk distribuert spørjeundersøking i samarbeid med MMI. Vox gjorde analysane og har saman med Abelia bearbeidd og beskrive materialet. Undersøkinga viste at ein bruker ikt-støtta opplæring i lite omfang, men at alle spurde verksemder stiller seg positive til slik opplæring. Det kom fram at både dei som bruker og dei som ikkje bruker ikt-støtta opplæring, reknar med auka bruk av det neste år.

26. november 2005 arrangerte Abelia og Vox konferansen eLæring 2005 – Lyst til læring! Der vart desse resultatane presenterte. Rapporten er å finne på www.vox.no.

Grunnleggjande ferdigheiter

- **Data på lett norsk**

Data på lett norsk er ein sjølvinstruerande cd. Han er laga for personar som aldri har brukt pc. Målgruppa var opphavleg personar med eit anna morsmål enn norsk og personar med lese- og skrivevanskar. Språket er derfor enkelt utan at det går utover korrekt terminologi. Målgruppa vart etter kvart utvida sidan også mange norskspråklege vil ha eit enkelt språk. Cd-en viser tekstbehandling og korleis ein søker på Internett og sender e-post. Alt er supplert med praktiske øvingar. Cd-en er tilrettelagd med bilete, tekst og lyd. Det totale opplaget på

60 000 er delt ut til biblioteka over heile landet, vidare på stader der det er foreiningar for personar med lese- og skrivevanskar, i innvandarmiljø og i vekstbedrifter.

- **Strategiar som utviklar læreprosessen, aukar leseforståinga og betrar eiga skriving – eit samarbeidsprosjekt retta mot lesing og skriving i arbeidslivet**

Dette er eit nasjonalt prosjekt i regi av Vox, i samarbeid med Raufoss videregående skole, Sandefjord videregående skole og LO Notodden. Den eksterne delen av prosjektet er støtta av KUP og leidd av Eininga for grunnleggjande ferdigheiter i Vox.

Prosjektet har som mål å prøve ut pedagogiske modellar på opplæringsarenaer som er knytte til arbeidslivet. Lesestrategiar og samarbeidslæring skal inngå som pedagogiske metodar. Utvikling av ressurspersonar som kan motivere og støtte auka kompetanseheving i bedrifta eller organisasjonen, er også eit mål for prosjektet.

Ein av partane bruker desse metodane i opplæring for å ta fagbrev i ei internasjonal bedrift. Eit anna miljø rettar seg mot små og mellomstore bedrifter i ein avgrensa region. Eit tredje miljø tek sikte på unge vaksne som av ulike årsaker er utanfor arbeidslivet.

Prosjektet er ikkje stort i omfang, men er omfattande i breidd og variasjon. Prosjektet starta i juni 2004, og dei lokale utviklingsprosjekta vart avslutta i desember 2005. Sluttrapport og evaluering frå Vox vil komme 1. februar 2006, og spreingsaktivitetar vil gå føre seg utover i 2006.

- **Seniornett**

I samarbeid med Seniornett har Vox sett i gang eit arbeid som tek utgangspunkt i rapporten *eNorge 2009 – det digitale spranget* frå Moderniseringsdepartementet. Målet er å utvikle og prøve ut kompetansemål som skal vere formålstenlege og tilrettelagde for den enkelte. Nasjonale standardar som skal liggje til grunn for definisjonen av digital kompetanse, vert no utarbeidde. Arbeidet er godt i gang. I tillegg har Vox utarbeidd eit hefte som skal brukast av Seniornett ved kurs i deira egne klubbar.

- **Lese- og skriveferdigheiter**

Vox utviklar digitale nettsider for trening av lese- og skriveferdigheiter. Sidene vert lanserte på www.vox.no våren 2006 og vil vere gratis tilgjengelege. Nettsidene rettar seg primært mot dei som ikkje har tilstrekkelege ferdigheiter til å meistre utfordringane ved lesing og skriving i dag. Også andre som ønskjer å verte betre til å lese og skrive, kan ha nytte av å trene ved hjelp av nettsidene.

Treninga er bygd opp rundt ei stor mengd tematekstar med tilhørande interaktive oppgåver. I tillegg er det utvikla oppgåver som skal støtte opp under grunnleggjande trening med språket. Oppgåvene har ulik vanskegrad.

Det er utarbeidd ei ordliste til tekstane og ein grammatikkdel med forklaringar. Det finst også eit eige meny punkt med informasjon i ein lettlesne versjon om utdanningsrettane og utdanningsvegane for vaksne.

Integrering av innvandrarar

- **Samfunnskunnskap for religiøse leiarar**

Vox fekk i oppdrag frå Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD) (brev av 14. juni 2005) å gjere greie for opplæring i samfunnskunnskap for religiøse leiarar. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå Mellomkyrkjeleg råd, Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn og Islamsk råd Norge. I tillegg har representantar frå Utdanningsdirektoratet, Utlendingsdirektoratet og Fylkesmannen i Oslo og Akershus delteke. Utdannings- og forskingsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet var representerte på alle møta. Vox har fungert som sekretariat.

Det er utarbeidd ein rapport om dette arbeidet. Han omfattar forslag til innhaldet i, og organiseringa av, opplæringsmodular i samfunnskunnskap for religiøse leiarar. Rapporten vart send til UFD 1. november 2005.

- **Internasjonale prosjekt og nettverk**

- Vox har delteke i to Leonardo-prosjekt om realkompetanse – Exemplo og Valuation of Prior Learning (VPL). VPL er eit nettverk som samlar dei viktigaste europeiske aktørane på feltet og som har fått godkjent eit framhald – VPL 2 (2005-2007)
- Vox har vidareutvikla Grundtvig-nettverket. Det vart etablert gjennom FORWARD-prosjektet, som er eit europeisk forum for lese- og skriveferdigheiter. Vi arbeider med same nettverk no i prosjektet Forward Trainer. Det lagar ei handbok om dette temaet for lærarar i vaksenopplæring og instruktørar i arbeidslivet.
- Vox har koordinert eit prosjekt (FALCON) som hadde som mål å organisere ein europeisk konferanse om familjelæring innanfor ramma av Grundtvig-programmet. Konferansen samla 80 menneske frå 14 land. Prosjektet har blant anna resultert i eit norsk nettverk om familjelæring som verktøy til å integrere innvandrarar.
- I oktober 2005 starta Vox koordineringa av eit nytt Grundtvig-nettverk (EMMA) om talforståing og matematikk blant vaksne. Nettverket skal skape ein nettstad og verte eit forum for alle som arbeider med dette temaet i Europa. Det er 17 partnarar frå 16 land.
- Vox har i heile 2005 arbeidd med eit Leonardo-prosjekt om nye basisferdigheiter på arbeidsplassen. InterAct-prosjektet skal skape og utprøve ein modell for korte arbeidslivsbaserte aktivitetar som fokuserer på lese- og skrivetrening, framandspråk (engelsk), digital kompetanse, teamarbeid, problemløysing og entreprenørskap. Prosjektet har 13 partnarar i 5 land.
- Vox deltek i eit Grundtvig-prosjekt (COLTT) som skal utarbeide ei handbok om korleis lærarar/instruktørar kan bruke Internett til å fremme dei nye basisferdigheitene.
- Vox deltek aktivt i ERDI-nettverket (European Research and Development Institutes of Adult Education), og har i 2005 arbeidd med å planleggje eit europeisk seminar om validering. Seminaret skal haldast i mai 2006 i

samarbeid med systerorganisasjonen vår i Sverige, Centrum för flexibelt lärande (CFL).

- Vox representerer Noreg i Kommissjonen Grundtvigs Working Group, som møtest to gonger i året, og der representantar frå 32 land deltek.
- Hausten 2005 utarbeidde Vox eit forslag til nytt Grundtvig-prosjekt. Det vart godkjent av Kommissjonen i første runde. Full prosjektsøknad skal sendast innan 1. mars 2006. Prosjektet COX dreier seg om interkulturell kommunikasjon på arbeidsplassen, med fokus på det faktum at både innfødde og innvandrarar har ansvar for god kommunikasjon. Prosjektet skal utarbeide bevisstgjeringe verktøy og kursmateriell for europeiske kurs i framtida om dette temaet (Grundtvig 3-kurs).
- Vox har i heile 2005 vore kontaktpunkt for utanlandske aktørar som er interesserte i å søkje midlar innanfor Norwegian Financial Mechanisms, ei rekkje stipendprogram som er vortne til som ein konsekvens av den nye EØS-avtalen. Dei fleste av dei 13 involverte landa kjem først i gang med arbeidet i dette programmet utover i 2006, men Vox har allereie etablert lovande kontaktar i Estland, Latvia, Litauen, Slovenia, Slovakia, Ungarn, Kypros og Spania.

Vox-barometeret

Vox-barometeret er ei halvårleg undersøking som skal ta pulsen på læring i arbeidslivet, sett både frå arbeidsgivar- og arbeidstakarperspektiv. Vox-barometeret er nasjonalt representativt.

Bedrifter som klarer å auke kompetansen hos dei tilsette, er mest innovative og økonomisk suksessrike. Dette kom fram på Vox-barometeret våren 2005 og var basert på intervju med 1 500 bedriftsleiarar og 2 300 tilsette. Tala viser at det har mykje å seie at kompetansehevinga er systematisert, målstyrt og forankra i strategien i verksemda. I Noreg er det mange små og mellomstore bedrifter som enno har for lite fokus på slike samanhengar. Konkurranssevna, både nasjonalt og internasjonalt, kan styrkjast enda meir ved bevisst satsing på målstyrt kompetanseheving. Funna frå undersøkinga er presenterte i rapporten *Innovasjon Kompetanseheving Utdanningspermisjon Introduksjonsprogrammet : resultater fra Vox-barometeret våren 2005*.

Barometeret sist haust undersøker også dei haldningane og erfaringane norske leiarar knyter til dei grunnleggjande ferdigheitene hos medarbeidarane. Vox-barometeret har i haust omfatta eit utval på 1 500 verksemdsleiarar. Datainnsamlinga vart gjord av ACNielsen i perioden 12.–24. oktober 2005, og intervjuet gjekk føre seg per telefon. Utvalet er representativt i forhold til bransjar og næringar og talet på tilsette. Funna frå undersøkinga er presenterte i rapporten *Grunnleggjande ferdigheter i norsk arbeidsliv: resultater fra Vox-barometeret høsten 2005*, som ligg føre i januar 2006.

6 Kapittel 258

6.1 Pedagogisk utviklingsarbeid

Prosjektnummer 70 440, pedagogisk utviklingsarbeid i studieforbund, 70 450, tiltak for særlege målgrupper i studieforbund og 70 420, pedagogisk utviklingsarbeid i fjernundervisningsinstitusjonane

Januar 2005 vart det utlyst midlar til studieforbund og fjernundervisningsinstitusjonar innanfor dei tre tilskotsordningane som er nemnde ovanfor. Formålet med tilskota er å stimulere til nyskaping. Søkjarane kan vidareutvikle tilbod overfor det lokale arbeids- og samfunnslivet, og utvikle tiltak og metodar for å motivere grupper med lite formell utdanning til kompetanseheving.

Det kom inn 69 søknader innan søknadsfristen i februar. Tildelinga var klar i mars, og 37 prosjekt fekk til saman 5,25 millionar kroner i tilskot. I temautval er spennet stort: Utvikling av kulturtiltak, språkopplæring, skriveopplæring, fagopplæring og fjernundervisningsmetodar er eksempel på emne i prosjekta. Sluttrapport og rekneskap skal sendast Vox innan 1. juni 2006.

Fordeling av prosjekt og midlar i 2005:

	Tal på prosjekt-søknader	Tal på prosjekt som har fått tilskot	Søkt beløp	Tildelt beløp
Pedagogisk utviklingsarbeid i studieforbund, prosjekt nr. 70 440	31	13	6,13 mill	1,95 mill
Tiltak for særlege målgrupper i studieforbund, prosjekt nr. 70 450	24	17	3,98 mill	1,95 mill
Pedagogisk utviklingsarbeid i fjernundervisningsinstitusjonane, prosjekt nr. 70 420	14	7	3,67 mill	1,35 mill
Sum	69	37	13,78 mill	5,25 mill

I 2004 fekk 29 prosjekt tilskot til tilsvarande utviklingsarbeid. 23 av desse prosjekta er avslutta 9. januar 2006. Dei resterande 6 har fått rapporteringsfristen utsett, men fleire av dei er ferdige med gjennomføringsfasen.

I 2006 vil Vox gjere ei enkel evaluering av prosjekta som har fått tilskot i perioden 2002–2004, for å finne ut i kva monn tilskota fører til aktivitet etter at prosjektperioden er over.

6.2 Refine

Prosjektnummer 71 050

Refine (Recognizing Formal, Informal and Non-formal Education) var ein del av eit internasjonalt samarbeidsprosjekt om realkompetanse. Prosjektet vart gjennomført i 2004 i samarbeid med Senter for etter- og vidareutdanning (SEVU) ved Universitetet i Bergen, og vart avslutta med ein rapport i januar 2005. I mars 2005 vart det halde eit spreingsseminar om prosjektet, og resultatane vart også formidla på EUCEN-konferansen «From Bologna to Bergen and Beyond» i Bergen i april 2005.

Refineprosjektet undersøkte praksis og haldningar rundt ordninga med avkorting av studieløp i høgare utdanning. Retten til avkorting basert på realkompetanse er nedfelt i lovverket for universitet og høgskolar. Vi fann at få institusjonar har motteke søknader om avkorting, og at det manglar prosedyrar med omsyn til denne ordninga. Det er heller ikkje utvikla verktøy som er tilpassa behova for dokumentasjon av realkompetanse.

NIFU STEP gjennomførte vinteren 2005 eit kartleggingsprosjekt om avkorting. Alle høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg vart intervjuet. Dei hadde motteke 123 søknader om avkorting og innvilga 88. Det låge talet på søknader kan komme av at ordninga er lite kjend blant vaksne. For fleire opplysningar viser vi til rapporten *Avkorting av studier på grunnlag av realkompetanse* (Brandt 2005).

6.3 Kompetanseutvikling og dokumentasjon i arbeidslivet

Prosjektnummer 71 060

Bruk av kompetanseattest

2005 begynte med ein kampanje i Sogn og Fjordane der Kompetanseattesten var eit sentralt produkt. Kampanjen framheva at dokumentasjon av eigen kompetanse er eit nyttig verkemiddel både for den tilsette og leiaren i ei bedrift. Sjølv kompetanseattesten vart presentert som eit gratis hjelpemiddel i Word-format som kan lastast ned frå www.vox.no.

Gjennom året har vi halde fram med marknadsføringa av Kompetanseattesten. Det har vi gjort ved å informere og rettleie i somme verksemdar og fylkeskommunale organ som jobbar med kompetanseutvikling i bedrifter. Ein omsett versjon av Kompetanseattesten er i tillegg brukt i Frankrike og Finland i samband med EU-prosjektet Exemplo.

Kompetanseattesten vert ferdig utvikla i databaseformat i februar 2006. Samtidig vert eit søkjeprogram, Bedriftskompetanse, gjort klart. Der kan ein søkje på data som er innsende frå Kompetanseattesten.

Prosjektet «Jobb saman, lær saman» i Sør-Trøndelag

Prosjektet vart starta av Vox hausten 2003 og revitalisert våren 2005. Det består av ei rekkje underprosjekt der basiskompetanse og grunnleggjande ferdigheiter er fokusområde for mange av prosjekta.

- **Transportprosjektet**

Prosjektet starta i mai 2005. Det er etablert ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Vofo, ressurscenter, næringshage, Midtnorsk transportarbeiderforbund og Norges Lastebileierforbund. Mellom 20 og 30 transportbedrifter er inviterte inn i prosjektet, og ein har starta kartlegging i mange av bedriftene. Det er utvikla eit godt

samarbeid i dette prosjektet mellom på den eine sida dei bedriftene som har behov for å arbeide med grunnleggjande ferdigheiter, og på den andre sida tilbydarar av nettopp desse ferdigheitene.

- **Grunnleggjande ferdigheiter i bedrifter på Fosen**

Prosjektet omfattar mange bedrifter frå ulike bransjar. Ei av bedriftene, ITAB med 60 tilsette, ønskjer å sjå om det er mogeleg å tilby lese- og skrivetrening til de tilsette. Bedrifta satsar stort på opplæring av dei tilsette, og ho har i dette arbeidet synleggjort behovet for lese- og skrivetrening.

Det vert no gjort mykje for å utarbeide informasjonsmateriell. Formålet er å nå alle dei ulike bedriftene med informasjon om kva prosjektet konsentrerer seg om innanfor basiskompetanse.

- **Landbruk**

Fosen er eit tyngdepunkt i trøndersk landbruk. Omstillingsbehovet i landbruket er stort, og kompetanse er eit av nøkkelområda i omstillingsarbeidet. Det er oppretta kontakt med 70–80 bønder i dette prosjektet. Fire hovudområde peiker seg ut når det gjeld å auke kompetansen:

- Ikt – grunnleggjande opplæring
- SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) og Inn på tunet
- Grunnleggjande ferdigheiter
- Grovførskolen

- **Klæburuten a/s**

Bedrifta har kompetansekartlagt 80 tilsette. Kartlegginga har avdekt eit stort behov for tryggingsoplæring og engelsk og noko behov for tilrettelagd fagopplæring. Ein arbeider med tryggingsoplæring for alle sjåførane. Dette er under utarbeiding av Midtnorsk transportarbeiderforening, AOF og Sivilforsvaret. Det er gjennomført engelskkurs for 19 sjåførar.

Prosjektet «NyKo» i Sogn og Fjordane

Prosjektet vart starta i januar 2005 etter eit forprosjekt der Vox spelte ei mykje aktiv rolle i konkretisering og målretting av prosjektet. Målet med prosjektet er å tilføre nødvendig kompetanse for å styrkje grunnlaget for verdiskaping, omstillingsevne og tenestetilbod i privat og offentleg sektor.

Kompetansekartlegging har vore vesentleg i dette arbeidet, og det er derfor gjennomført kartlegging av ca. 500 tilsette i ni bedrifter og kommunar i fylket. I tillegg har fylkeskommunen kartlagt 1.400 tilsette. Vågsøy kommune og Årdal kommune har meldt til prosjektet at dei ønskjer å kompetansekartleggje dei tilsette i kommunane for å kunne tilretteleggje for ei målretta kompetanseheving. Det dreier seg om til saman 1.200 tilsette i dei to kommunane. Det er etter kvart vorte mange verksemder som ønskjer å starte på kompetansekartlegging for å målrette kompetansearbeidet:

- **Florø Sentrum AS**

Dei har bestilt kartlegging av ca. 200 tilsette i 30 verksemder. Kartlegginga skal føre til opplæringstiltak i 2007.

- **Sandane Industri AS**

SI ønskjer ein gjennomgang av produksjonen sin for å avdekkje eksisterande og nye område der verksemda kan drive kvalifisert opplæring av tiltaksdeltakarar, lærlingar og andre som har behov for kortare eller lengre kvalifisering.

- **Norsk Industrikompetanse AS i Høyanger**

Her ønskjer ein å byggje på den industrielle kompetansen som finst i Høyanger-samfunnet, og å utnytte kompetansen meir. Vidare ønskjer ein at denne kompetansen vil danne utgangspunkt for ny industrietablering i Høyanger.

Ein planlegg å kompetansekartleggje for følgjande verksemder:

- Hydro (ca. 250 tilsette)
- Fundo (ca. 320 tilsette)
- AKIV (ca. 100 tilsette)
- Statskraft (ca. 20 tilsette)
- ERAS (ca. 60 tilsette)
- Høyanger kommune (ca. 300 tilsette)

Prosjektet er særst aktivt og kan vise til mange resultat i løpet av det året det har vore verksamt. Prosjektet held fram ut 2007.

Prosjektet «Helhetlig kompetanse» i Ringerike-regionen

Prosjektet er eit samarbeid mellom dei tre kommunane Hole, Jevnaker og Ringerike.

Prosjektet har i løpet av 2005 oppnådd det første delmålet sitt – å opprette eit senter for rettleiing i området. Senteret er etablert i Hønefoss Næringshage og har herifrå omfattande kontakt med verksemder i regionen med det formål å drive kompetansarbeid. Fleire ønskjer å starte eit kartleggingsarbeid for sjølv å kunne drive eit målretta kompetansarbeid i etterkant av kartlegginga.

Leiaren av senteret har det nye biblioteket i sentrum av Hønefoss som utgangspunkt for rettleiinga av vaksne og unge.

Felles forståing av realkompetanse

Vi har gjennomført to nettverkssamlingar for dei ansvarlege for vaksenopplæringa i fylkeskommunane (Molde i april og Oslo i november). Nettverkssamlingane er ein felles nyttig og nødvendig arena for erfaringsutveksling og fagleg utvikling. Dei går føre seg mellom fylkeskommunane og mellom fylkeskommunane og Vox. Arbeidet i nettverkssamlingane går ut på å oppretthalde og vidareutvikle eit nasjonalt system for realkompetansevurdering innanfor vidaregåande opplæring.

Våren 2005 vart eit prosjekt som starta i 2004 slutført – det gjekk ut på å gjennomføre eit to dagars opplæringsprogram i fylkeskommunane for fagkonsulentar. Temaa var knytte til det overordna aspektet i realkompetansevurdering inn mot vidaregåande opplæring – nasjonale føringar, lov- og regelverk, fylkeskommunale ordningar og rutinar, og kommunikasjon og rettleiing. Det er gjennomført 19 kurs i 17 fylkeskommunar med 788 deltakarar.

Vi gjennomførte hausten 2005 ei dagsamling i kvar av dei tre opplæringsregionane for fagkonsulentar innanfor allmennfaga. Hovudtemaet var korleis realkompetanse i praksis vert verdsett i forhold til læreplanane. Til saman har det delteke 77 fagkonsulentar og 23 fylkeskommunalt tilsette på dei tre samlingane.

Ein planlegg å gjennomføre tilsvarande samlingar i opplæringsregionane også neste år og da innanfor ulike fagområde i yrkesfaga. Samlingane skal vere eit ledd i arbeidet med å få til ein meir einsarta praksis i realkompetansevurderinga på tvers av fylkesgrensene.

Kunnskapsgrunnlaget. Vaksne sin rett til grunnskole og vidaregåande opplæring

Med rapporten *Grunnskoleopplæring for vaksne* avslutta Vox eit toårig prosjekt med målsettinga å få betre kunnskap om vaksne i grunnskole og vidaregåande opplæring etter lovendingane i 2000 og 2002. Sentrale spørsmål var:

- Kva skjer med dei som er realkompetansevurderte? Kor mange er dei? Får dei eit opplæringstilbod i samsvar med behova sine?
- Korleis handsamar kommunar og fylkeskommunar ansvaret sitt med å oppfylle retten?
- Er informasjonen god nok? Korleis samarbeider dei ansvarlege myndigheitene seg imellom og eventuelt med andre tilbydarar (private)?
- Kvifor er statistikken så dårleg?

Til saman vart det produsert fem store og to mindre rapportar i prosjektperioden. To er omsette til engelsk. Frå to av hovudrapportane er det også utarbeidd kortversjonar.

Prosjektet vart avslutta i juni 2005 med rapport og konferanse.

Aksept og bruk av realkompetanse

Kunnskapsgrunnlaget om vaksne i grunnskole og vidaregåande opplæring (2003–2005) viser at fylkeskommunane handsamar arbeidet med vurdering og verdsetjing av realkompetanse svært ulikt. Det same gjeld vektlegginga av samanhengen mellom godkjend realkompetanse og opplæringstilbod. For Vox var det ønskeleg å få betre innsikt i korleis dokumentert realkompetanse frå arbeidslivet og frivillig sektor vert verdsett og brukt av utdanningssystemet. Dessutan er det behov for å få meir kunnskap om korleis godkjend realkompetanse i praksis fører til eit avkorta og tilpassa opplæringstilbod for vaksne.

Vox har igangsett eit toårig fordjupningsprosjekt med det formål å skaffe nødvendig kunnskap til å justere realkompetansevurderinga slik at ho får legitimitet som eit nasjonalt system. Den overordna problemstillinga for prosjektet er todelt: 1) *Korleis og i kva monn vert kompetanse frå arbeidslivet og tredje sektor akseptert i forhold til læreplan for vidaregåande opplæring?* og 11) *Korleis innverkar godkjend realkompetanse på opplæringstilbodet?*

Undersøkinga er avgrensa til intervju i fem utvalde fylkeskommunar organiserte som sjølvstendige case. Dei representerer ulike aktørar og funksjonar som er sentrale i fylkeskommunane sitt arbeid med realkompetanse. Prosjektet vert avslutta ved årsskiftet 2006/2007 og vert dokumentert gjennom rapportar.

Rettleiing, informasjon og nettverksbygging

Vox gjennomførte i perioden 17. januar–14.februar 2005 ein informasjonskampanje i Sogn og Fjordane. Han var retta mot små og mellomstore bedrifter i fylket. Målgruppa var bedriftsleiarar og tillitsvalde, og formålet var å motivere for dokumentasjon av realkompetanse. Bodskapen retta mot arbeidsgivar var *Du har meir enn du trur* og mot arbeidstakaren *Du kan meir enn du trur*. Meir enn 100 bedrifter i fylket deltok på informasjonsmøte om kompetansekartlegging og bruk av kompetanseattest. Kampanjen var eit samarbeid mellom fylkeskommunen, lokale næringshagar og Vox.

Vox laga ein startpakke med motivasjons- og informasjonsmaterieil for bedrifter som ønskjer å komme i gang med kartlegging av kompetansen til dei tilsette. Eit av elementa i materielleil var ein motivasjonsfilm som på ein enkel og humoristisk måte illustrerer omgrepet *dokumentasjon av realkompetanse*. Alt kampanjematerieil vart produsert i begge målformer.

Vox-prisen

Vox-prisen vert kvart år delt ut til bedrifter/verksemdar som har gjort ein spesiell innsats for å gjennomføre læring på arbeidsplassen. I 2005 vart det føreslått 33 kandidatar frå både offentleg og privat sektor. Av dei vart sju kandidatar nominerte og vurderte av ein jury leidd av styreleiar Yngve Hågensen. Bramiljø, Eidskog næringssservice KF, som er ei vaske- og reinsaribedrift, vann prisen. Han vart delt ut under International Adult Learner's Week 25. oktober 2005.

I grunngiinga frå juryen heiter det:

«Bramiljø opererer med suksess i en vanskelig og konkurranseutsatt bransje. Bedriften har jobbet systematisk med kompetanse i mange år og har lagt det til rette på en slik måte at de ansatte føler seg godt ivaretatt. Bramiljø har på en forbilledlig måte klart å kombinere bedriftens og de ansattes behov for kompetanse. Kartlegging av de ansattes realkompetanse danner grunnlaget for læringstiltakene som settes i verk.»

6.4 Fleksibel læring – bruk av ikt

Prosjektnummer 72 190

Oppgåva i prosjektet er å utvikle nettbaserte læringsressursar og læringsverktøy innanfor områda grunnleggjande ferdigheiter – lesing/skriving, rekning, digital kompetanse – og innanfor språkopplæring og samfunnskunnskap for minoritetar og feltet vaksenpedagogikk.

